

Referat frå møte i styringsgruppa Idrettscampus Bergen

Dato: 18. april 2017
Tid: kl. 14.00 – 15.00
Stad: Bergen rådhus, 8. etasje

Deltakarar:

Styringsgruppa: Pål Hafstad Thorsen, Pål Kårbø, Eivind Lunde, Bjørg Kristin Selvik, Helge Johnsen
Arbeidsgruppa: Frode Karlsen, Britt Karen Spjeld, Rune Titlestad, Vibeke Johannesen, Pia Mørk Andersen, Morten Kristoffersen, Knut Songve, Torhild Næss Vedeler, Ola Røksund, Frida Mathisen, Hanne Espe
Forfall: Anita Lyssand, Odd Bjarne Berdal, Birthe Andersen Haugen, Oddrun Samdal, Trond Pedersen
Møteleiar: Pål Hafstad Thorsen

5.1 Godkjenning av referat frå møte 11. januar 2017

Vedtak: Referatet godkjent.

5.2. Tilsetting av dagleg leiar

Vedtak: Styret tilset kandidaten som tilsettingsutvalet har innstilt som nr 1.
Innstillinga frå tilsettingsutvalet vart presentert i møtet.

Munnleg orientering om tilsettingsprosessen ved Knut Songve.
Vedkomande som vert tilsett startar 1.11.2017.
Namn på vedkomande er ikkje offentleg per i dag. Viktig at offentleggjing vert koordinert og avklart.

5.3 Orientering om status i arbeidet med delprosjekt

Vedtak: Teke til etterretning.
Oppdatert årsplan vart lagt fram på møtet.

Kort orientering frå dei ulike delprosjektgruppene
Pia Mørk Andersen – Digital plattform
Vibeke Johannesen - Ressurs og behovskartlegging
Knut Songve - Marknadsføring og merkevarebygging
Britt Karen Spjeld – Årshjul
Torhild Næss Vedeler – Knutepunktet
Rune Titlestad – Sykkel VM

Dei to siste delprosjekta skal ha oppstart om lag 1. august. Gruppa knytt til «Styrke kroppsøvningsfaget og fysisk aktivitet i barnehage og skule» skal leiast av høgskulen og gruppa knytt til «Idrett for menneske med nedsett funksjonsevne» skal leiast av fylkeskommunen.

5.4 Budsjett 2017

Vedtak: Styringsgruppa godkjenner budsjettet med endring i post for prosjekt og porteføljestyling frå kr. 600.000,- til kr. 500.000,-. Arbeidsgruppa legg fram forslag til disponering av denne posten til neste møte i styringsgruppa.

5.5 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar arbeidet med Idrettscampus Bergen

Vedtak: Teke til etterretning.

Byråd Pål Hafstad Thorsen orienterte om nyleg vedteken idrettsplan for Bergen kommune.
Vibeke Johannesen orienterte kort om status vedkomande utbygging ved Brann stadion.

5.6 Eventuelt

Nye møtedatoar
8. juni – kl. 11.00 – 12.30 Haukeland universitetssjukehus
29. september frukostmøte – kl. 09.00 – 11.00 Brann stadion